

Praktiske opplysingar



Alle tidebønene blir haldne i Nidarosdomen i Trondheim, øvingslokalet er like ved. Kurset er gratis!

Kursheftet må skaffast på førehand: "Tidebønner fra Nidaros – Olsok", 2007, ISBN 978-82-543-1086-1.


Det kan kjøpast gjennom ein bokhandel, via web frå Verbum forlag (<http://verbumforlag.no>), eller i besøks-senteret ved Nidarosdomen.

Heftet vil også verte brukt på komande års olsok-kurs.

Alle påmelde vil få svar via e-post eller brev i starten av juli, med nærare opplysingar om kurset. Vi reknar påmeldinga som bindande når svarfristen har gått ut den 15. juni.

Spørsmål om kurset kan rettast på e-post til tidebonkurs@itea.ntnu.no, eller på telefon til Irene Bergheim (73 59 65 61) eller Leiv Arild Andenes (73 59 18 19).

Vi ønskjer deg hjarteleg velkomen til olsokfeiring i Trondheim!



DEN NORSKE KYRKJA
Nidaros domkyrkjelyd

<http://www.nidarosdomen.no/>

PÅMELDING til olsok-kurs 25.–29. juli 2008

Inga kursavgift. Bindande påmelding innan 15. juni 2008

postalt: Nidaros domkyrkjelyd,
Kongsgårdsgata 2, 7013 Trondheim

telefonisk: Telefon 73 53 84 85, telefaks 73 53 84 90

elektronisk: eli.barstein@nidarosdomen.no

Uavhengig av påmeldingsmåte treng vi følgjande opplysingar:

Namn _____

Telefon _____ Mobil _____

Postadresse _____

E-postadresse _____

Foto: © Elin Amundsen og Leiv Arild Andenes. Sats: LAA

NIDAROSDOMEN — OLSOK 2008 VAKENATT OG TIDEBØNER

Kurs i gregoriansk song i norsk
tilrettelegging av Olavs-officiet

Trondheim 25.–29. juli 2008

Tidebøntradisjonen

Frå midten av 1990-talet har den gamle tradisjonen med tidebøner og vakenatt under olsok vore halden i hevd i Nidarosdomen, og sidan 2004 har dei viktigaste tidebønene i olsokdøgnet (Olavs-officiet) vore med.

Vi innleier med *vesper* (kveldssong) den 28. juli, og avsluttar med *completorium* (bøn for natta) den 29. juli. Kvar tidebøn er ei kort, sjølvstendig gudsteneste, men er samtidig del av ein heilskap som utgjør døgnrytmen.

Olavsvake-gudstenesta går rett over i vakenatta. Katedralen er open heile natta, det er bønestasjonar rundt om i kyrkja, og dei som vil, har høve til å samtale med ein prest.

Kvar heile time samlast vi ved korsalteret til ein *nocturne* frå *vigilien* (vake). Etter vakenatta vandrar vi fram mot høgkoret, og feirar *laudes* (morgonsong) klokka 6. For nokre er dette slutten på vakenatta, for andre starten på ein ny dag.

Målgruppa

Kurset er laga med tanke på korsongarar, kyrkjemusikarar, prestar og andre interesserte. Vi ynskjer å gjere tidebøntradisjonen kjend gjennom aktiv deltaking, og å inspirere til vidare bruk av tidebøner i kyrkjelydar rundt om.

Tidebønkurset

Vi inviterer til tidebønkurs med Olavs-officiet som grunnlag. Kurset vert innleia med eit fellesmåltid etter Jakobsmessas den 25. juli. Vi deltek også på vesper, som vert feira i domkyrkja kvar fredag klokka 19 året gjennom.

Kurset har eit øvingsomfang på om lag 25 timar over fire dagar. Kursdeltakarane utgjør i tillegg korgruppa som leier olsoktidebønene. Liturgiane er samla i heftet "Tidebønner fra Nidaros – Olsok". Som i annan gregoriansk musikk, nyttast kvadratnotasjon med fire notelinjer. Kurset gjev innføring i å bruke denne notasjonen.

Sjå også Olavsfestdagene sitt rikhaldige program på <http://www.olavsfestdagene.no>.

Oversikt over gudstenester i kursperioden

Gudstenester der kursdeltakarane skal delta som kor, er oppførte med kvitt skrift.

Resten er gudstenester der kurstidplanen gjer det mogeleg å ta del som kyrkjelyd.

Fredag 25. juli

kl. 12.15 Middagsbøn (kapellet i Erkebispegarden)
kl. 15.00 Messe på St. Jakobs dag
kl. 19.00 Fredagsvesper (Kapittelhuset)

Laurdag 26. juli

kl. 12.15 Middagsbøn (kapellet i Erkebispegarden)

Søndag 27. juli

kl. 11.00 Høgmesse

Måndag 28. juli

kl. 17.30 Første olsokvesper (kveldssong)
kl. 23.00 Olavsvake-gudsteneste

Tysdag 29. juli

kl. 01.00 Vigilie (vakenatt)
kl. 06.00 Laudes (morgonsong)
kl. 11.00 Olsokhøgmesse
kl. 15.00 Non (middagsbøn)
kl. 18.00 Andre olsokvesper (kveldssong)
kl. 21.00 Completorium (bøn for natta)



Kursleiar i 2008 er Henrik Ødegaard



Fløytespel tonar inn kvar del av vigilien



Vaka gjev rom for ettertanke og bøn